



Rambøll Norge As  
Postboks 427 Skøyen  
0213 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1 - 17/1929

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
20.01.2017

## Løyve og dispensasjon til opparbeiding av gangsti - gbnr 188/779 Gjervik Ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 026/17

**Tiltakshavar:** Lindås Kyrkjelege Fellesråd  
**Ansvarleg søkjar:** Rambøll Norge As  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saka gjeld søknad om etablering av gangveg ved Knarvik kyrkje. Det er søkt om gangveg med bredde 1,5 m og gang/sykkelveg med 3 meters bredde samt støttemurar. Desse vegane går fram av situasjonsplan datert 07.12.2016. Det går fram av søknaden at omsøkte gangstiar vert etablert utan terrenginngrep og med fast dekke. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå områdeplanen for Lonelva Juvikvarden, Knarvik for etablering av gangvegane. Det vert elles vist til søknad motteken 02.01.2017 samt samtale med ansvarleg søkjar den 20.01.2017 der alternative løysingar er diskutert.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden er handsama innanfor tidsfristen.

### Dispensasjon

Ved å etablere omsøkte gangveger vil ein få to nye avkøyrslar til offentleg veg. Alle avkøyrslar til området er regulerte. Omsøkte avkøyrslar er ikkje regulerte og krev soleis dispensasjon frå områdeplanen for å kunne gjennomførast. Det er søkt om slik dispensasjon. Det vises til dispensasjonssøknaden i sin heilskap.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Saka er vurdert internt saman med Teknisk drift ved vegavdelinga.

### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket i horisontalplanet er vist i situasjonsplan datert 07.12.2016. Det er ikkje sendt inn ytterlegare teikningar på omsøkte tiltak.

Når det gjeld den nordlege gangvegen med skildra bredde på 1,5 meter finn vi at denne kan etablerast utan nevneverdig terrenginngrep og utan trong for støttemur. Før søknad om igangsetting vert gjeve må det likevel sendast inn snitt-teikningar og lengdeprofil til godkjenning. Snitt-teikningane må vise eksisterande og nytt terreng og plassering av gangvegen sin plassering i forhold til terrenget. Tiltakets plassering i vertikalplanet vert vurdert ved handsaming av søknad om igangsettingsløyve. Omsøkte gang/sykkelveg krev at det må førast opp fleire støttemurer. Då gang- og sykkelvegen ikkje vert godkjent vert det ikkje beden om å sende inn ytterlegare dokumentasjon for denne.

### **Avkøyrsløys**

Det er ikkje krav om avkøyringsløyve då samtlege avkøyrsløys er regulerte. Saka vert ikkje sendt til lokal vegmynde til klagevurdering då saka på førehånd er avklart.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2. Når det gjeld visuelle kvalitetar har ansvarleg søker opplyst at omsøkte gangstiar vert etablert utan terrenginngrep og med fast dekke. Kravet til visuelle kvalitetar vert vurdert ved handsaming av søknad om igangsettingsløyve.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemper, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det vises til dispensasjonssøknaden.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at kommunen ikkje tillet fleire avkøyrsløys til offentleg veg av prinsipp. Vi ser her ikkje noko grunn til å avvike frå dette prinsippet i dette tilfelle. Kyrkja si trong for tilkomst til gang- og sykkelvegen må løysast med ein avkøyrsløys. Etter synfaring på staden finn vi at etablering av gangvegen mot nord vil kunne stetta kyrkja si trong i stor grad.

Kommunen er positiv til å gi dispensasjon slik at også brukarar av den offentlege gang- og sykkelvegen får ei meir direkte tilgang til kyrkja utan å måtte fylgje eksisterande vegtrase rundt kyrkja og via parkeringsplassen. Imidlertid ser vi ingen grunn til å etablere to gangveger eller gangveg med større bredde som krev etablering av støttemurar. Dersom det er ynskje om å nå repoet i trappa som er anlagt nordvest for kyrkja for gåande - slik at ein får betre tilgang til sokkeletasjen utanom å nytte innendørs heis/trapper - bør dette kunne løysast ved anlegg av ein internveg med bredde på 1,5 meter, til dømes ved ein tilkopling til omsøkte gangveg mot nord.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå områdeplanen for etablering av gangveg med 1,5 meter bredde som skildra på situasjonsplan av 07.12.2016 er stetta. Det gis ikkje dispensasjon frå områdeplanen for skildra gangveg med 3,0 meter bredde. Det vises til vurderinga ovenfor.

### **Plassering**

Omsøkte gangveg med 1,5 meters bredde mot nord vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Gangvegen sin nærmare plassering og omfang vert vurdert ved søknad om igangsettingsløyve. Er det ynskjeleg kan ein eventuell internveg som nevnt ovenfor vurderast. Dette vil dog krevje endringsløyve og eit betre teikningsgrunnlag.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplanen for anlegg av gangveg (nord) med bredde på 1,5 meter som vist på situasjonsplanen datert 07.12.2016. Søknad om dispensasjon for etablering av gang- og sykkelveg (sørvest) med ei bredde på 3,0 meter vert avslått. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for anlegg av gangveg (nord) med bredde på 1,5 meter på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.12.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3**
- 2. Eventuelle krav frå Teknisk drift må stettast**

**Då det ikkje vert gjeve dispensasjon for etablering av gang- og sykkelveg (sørvest) vert denne avslått med heimel i pbl § 12-6.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1**

#### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Lindås Kyrkjelege Fellesråd                      Lonsvegen 1                      5914                      ISDALSTØ

#### **Mottakarar:**

Rambøll Norge As                      Postboks 427                      0213                      OSLO  
Skøyen